



Bjørn Helge Nygård batt programmet saman med små historier og dikt.



Berit Grønningsæter fann den raude tråden i programmet.



Ingunn Linge Valdal med fela akkompagnerer J. Helge Nygård som syng om alt som skjer "opp

Potetball og program på grend

Påska er full av tradisjonar, ein av disse er NIL-festen som i år vart arrangert påskeaftan.

Britt Ingunn Maurstad
britt@storfjordnytt.no

Starten på programmet var som på karafesten i Eidsdal ei veke tidlegare, med eit komitémøte. Entusiasmen var ikkje akkurat på topp under dette møtet.

Berit Engeset Sperre sat og kjende på om ho kanskje kunne vere sjuk slik at ho kanskje slapp å vere med. Det blomstra ikkje akkurat av idear, men dei fekk no iallfall bestemt kva mat det skulle vere. Og dessert, det var eit krav frå Berit. Ein ting dei no absolutt ikkje skulle ha i år, var opningssong. Men då Bjørn Helge Nygård kom for seint til komitémøtet, gjekk dei utifra at det var akkurat det han var blitt hefta med, idé til ein song. Dermed måtte mannfolka øve på songen, slik at det vart opnings-song likevel.

God mat

Deretter var det mat, og ho Berit fekk ønska sine oppfylte både når det gjaldt middag og dessert. Petrine Gjestgiveri stilte med potetball og bringebærfromasj til dessert. Deilig!

Då alle var vel forsynte og arrangementskomiteen var ferdige med pliktene sine som servitørar, marsjerte dei gjennom salen og opp på scena. Berit Grønningsæter kom med eit stort nøste med raud tråd, ein kaffikopp og ei skål med twist. På komitémøtet i byrjinga vart det nemleg etterlyst ein raud tråd i programmet, og ho hadde altså funne ein slik ein. Meir song etter dette, om ting som sokk og anna som flaut i vintervedvisa frampå vatna.

Historier

Bjørn Helge Nygård var den som batt programmet saman. Han hadde henta historier frå fleire stader, både svært lokalt og frå litt lenger unna. Mellom anna hadde han plukka ei historie av Sigurd Nesdal frå Loen og diktet "Ung mann" av Ivar Ringdal frå Synnylvn.



Synnøve Bjørnstad som Stælken Gundersen, det nyaste medlemmet i NIL.

Neste sketsj har eg også sett før, nemleg på karafesten i Geiranger i fjor. Den gongen var det ein hoppande Maråk-neger. Denne gongen var det Stein Harald Døving som var hoppande Tungenege med Synnøve Bjørnstad som intervjuar.

Så plutselig kom det to jegarar gjennom salen og opp på scena der dei sette seg på post. Desse to svært lite pratsame jegarane vart glimrande spela av Else Ragni Yttredal og Berit Engeset Sperre. Dei lurte på kvifor ingen vil flytte til bygda, her kor det er så mykje å finne på.

– Ein kan gå på jakt og greier og ingenting er som å kome heim til reine, blide og leggeklare ungar etter ei god jakt, meinte Else Ragni.

– Mykje sol er det i bygda, iallfall om sommaren, og iallfall i Gullsmedgarden og i Dale.

Dei var også samde om at sidan det er over sju mil til næraste kjøpesenter, så er dei heldige som sparar både tid og pengar. Byggeforbod er det også.

– Det er heilt ubegripeleg at ingen vil flytte hit, avslutta Berit.

Neste innslag var to karar på traktor spela av Berit Grønningsæter og Ola Grønningsæter. Den eine syntes den andre brukte vel mykje pengar på nye ting og på spørsmål om det ikkje var på tide å få seg ungar, var svaret: Det eg ikkje kan bruke traktor til, det har eg ikkje peiling på!

Så kom tre herrar inn med ein song om skisporten som står svært sentralt i NIL-historie, før



Else Ragni Yttredal og Berit Engeset Sperre på jakt i kveldens beste innslag. Undringa er stor over at ingen vil flytte til bygda.

eit eldre ektepar inntok scena.

– Sjå alle fuglane, sa dama.

– Nei du, dette er ikkje alle fuglane, svara mannen.

Stælken

I Norddal har dei ei eit idrettslag med stolte tradisjonar. Både fotballspelarar og skiløparar har hausta lovord for innsatsen sin, også utanfor bygda. Likevel, fornying må til og i det høvet var dei stolte over å presentere det nyaste medlemmet i NIL, eit

medlem som representerer noko heilt nytt i bygda, nemleg Stælken Gundersen.

Gundersen kunne stolt fortelje at han hadde blitt nr 36 i kretsmeisterskapen i Horten og at han nyleg hadde vunne på knock-out i dokø på strandferja. No vil han slå seg til ro og finne seg ei rype i Norddal.

– Ingen kan føle seg trygge no altså, var beskjeden til forsamlinga.

Programmet vart avslutta

med at namna på dei som sit i komiteen for NIL-festen 2011, vart lest opp. Ragnhild Solli Grønningsæter fekk ansvar for å kalle inn til første møte. Deretter heldt kvelden fram med dans ut over i dei små timar med Voldingane.

Berit Grønningsæter og Ola Grønningsæter om traktorar og nyinnkjøp og anna slike karar snakker om.



Jan Runar Eliassen, Bjørn Relling og Bjørn Helge Nygård syng om slalåm mellom bakkar og berg.



Jan Runar Eliassen fekk seg ein svingom med Berit Grønningsæter medan Ingunn Linge Valdal spelte.



Jan Runar Eliassen, Bjørn Relling og Bjørn Helge Nygård syng om slalåm mellom bakkar og berg.

ahuset påskeaftan



Stein Harald Døving som hoppande Tungenegeter.



NIL-festkomiteen samla til første møte (øvt). Berit Engeset Sperre og Jan Runar Eliassen syntes komitémøtet var for keisamt. Jan Runar sette seg i staden til med godt lesestoff medan Berit trimmar.



Ingunn Linge Valdal og Bjørn Relling ute og ser på fuglane.